

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Torsdag 16. januar 2020</b>
	<b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret (Hamnegata 48)</b>
Opning:	<b>Dag</b>

"Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

visjon Stord kyrkjelyd

**Til stades:** Anders Dahl, Nils Dale Elde, Johannes V. Lamo, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Signe Vorland (2. vara), Dag Kjetil Lægreid (3.vara) og Dagfinn Koppang (4.vara)

**Forfall:** Kirsti Angvik Frugård, Sigrid Beate Eskeland (1. vara)

## SAKLISTE

### 2020/1- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjend, med følgjande saker lagt til for handsaming:  
2020/9 – Val av 2.vara til fellesrådet  
2020/10 – Temasamling rus og psykiatri

### 2020/2- 012 Godkjenning av møtereferat fra soknerådsmöte 07.12.19

**Vedtak:** Godkjend

### 2020/3 – 112 Årsbudsjett 2020

#### Saksutgreiing

Soknerådet skal vedta budsjett for 2020. Arbeidsutvalet vil førebu eit forslag til årsbudsjett som skal diskuterast på soknerådsrådet. Dette er ikkje klart når innkallinga vert sendt ut, men er planlagd ettersendt nokre dagar før møtet. Der vil det også bli sendt ut ein foreløpig status på rekneskap for 2019. Merk at sak 2020/4 og 2020/5 heng tett saman med budsjettvedtaket.

#### Vedtak:

Årsbudsjett for 2020 vedtatt som framlagd, med ei mindre justering i møtet. Vedteke budsjett er vedlagd. Soknerådet ønskjer ein dialog med fellesrådet om synleggjering av utgifter som soknerådet dekker pga manglande ressursar i Fellesrådet.

Samrøystes.

### 2020/4 – 411 Skjermar/videokanon i Stord Kyrkje

#### Saksutgreiing

Førre soknerådet vedtok i april 2019 å starte eit prøveprosjekt med kanon og skjerm til gudstenestebruk i kyrkja, og spurte fellesrådet om å kjøpe dette. Fellesrådet handsama saka i sept 2019 og gjorde følgjande vedtak: «Stord kyrkjelege fellesråd sender saka attende til Stord sokneråd. Fellesrådet er positiv til ønske om montering av lerret og videokanon, og vil senda søknad til bispedømme v/ biskop om løyve til montering og drift som eit prøveprosjekt i 4 år. Fellesrådet ber Stord sokneråd dekka alle utgifter frå eigne midlar». Ei uformell arbeidsgruppe bestående av Olav Oma, Dagfinn Koppang og Jan Overweg har sett på løysingar, og foreslår montering av tre videokanonar som visar bilete rett på veggen utan bruk av skjerm. Dei tre vil visa bilete på sideveggane framme og over prekestolen. Foreløpig kostnadsoverslag er på ca. 30-50 000kr eks mva.

#### Vedtak:

Soknerådet set ned ei arbeidsgruppe til å arbeide med denne saka, med mål om montering av videokanonar våren 2020. Arbeidsgruppe: Dagfinn Koppang (leiar), Jan Overweg, Olav Oma og Dag Sele (som ivaretok koplinga til fellesrådet i handsaminga). Olav spør Jan om å vere med i arbeidsgruppa.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Arbeidsgruppa må samarbeide med kyrkjeverje for ei avklaring av naudsynte søknadar/godkjenningar for prøveprosjektet, og følgje opp status på fellesrådets vedtak frå september 2019.

Gruppa har vidare mandat for innkjøp innanfor ei budsjettramme (for utstyr og montering) på kr 35 000kr eks. mva, der innkjøp skal gjerast av fellesrådet og finansierast av soknerådet.

Samrøystes.

## 2020/5 – 308 Kyrkjebladet Spira

### Saksutgreiing

Førre sokneråd vedtok 04.12.2018 at dei ønskte å arbeide for eit felles kyrkjeblad for Stord og Nysæter sokn, og ein kyrkjebladkomite har ila 2019 førebudd og gitt ut 3 utgåver av bladet Spira. Stord sokn har tatt kostnaden med design, produksjon, trykk og distribusjon over sitt rekneskap, med økonomisk tilskot frå Nysæter på kr 22 500,- for dei tre utgåvene samla. Samla kostnad for dei to første utgåvene var på ca kr 90 000,-. Arbeid med finansiering av bladet har gått treigt, og Stord sokneråd handsama hausten 2019 kor vidt ein skulle fortsetja å gi ut bladet. Det blei vedteke å gi ut desember-utgåva og deretter ta ei ny vurdering av framtida til bladet. Samstundes vart Rasmus Hatlevik, Jens Arne Stautland og Dag Kjetil Lægreid mobilisert i arbeidet med å skaffa sponsing, og det vart søkt økonomisk tilskot frå fellesrådet på kr 30 000,- for å dekkje underskot. Fellesrådet har godkjent søknaden om tilskot, men ber sokneråda finne løysingar for økonomien framover. Noverande sokneråd må ta stilling til om ein skal fortsetja arbeidet med kyrkjeblad, kor mange utgåver ein skal leggje opp til, og om det skal gjerast endringar i gjennomføringa for å påverka inntekter eller kostnadar.

### Vedtak:

Soknerådet synest kyrkjeblada i 2019 har vore eit godt tiltak og gode produkt. Ein ynskjer derfor å halda fram arbeidet, samstundes som det er naudsynt å få arbeidet til å gå meir i økonomisk balanse enn i 2019.

Soknerådet oppfordrar redaksjonen (v/Olav Oma) til å koma med eit forslag for aktiviteten i 2020 med tanke på utgjevingar og gjennomføringsmåte, som legg opp til eit økonomisk underskot innanfor ei maksimal ramme på kr 20 000,-. Eit konkret innspel som bør vurderast av redaksjonen er moglegheita for å leggje inn ein giro for givarar i kyrkjebladet som sendast ut. Forslaget for 2020 bes sendast til Stord sokneråd innan 17.februar, for behandling i februar-møtet (19.feb).

Leiar i soknerådet får vidare aksjon på å følgje opp saka med Nysæter sokneråd, og avklare om dei vidareførar si støtte til arbeidet i 2020.

Soknerådet ynskjer vidare å støtte arbeidet i kyrkjebladredaksjonen, spesielt inn mot det økonomiske arbeidet, og nominerer følgjande person til å bli ein del av redaksjonen, saman med Olav: Dag Kjetil Lægreid.

Samrøystes

## 2020/6 – 012 Organisering av soknerådsarbeidet

### Saksutgreiing

På samlinga 7.des 2019 vart det diskutert ei organisering av soknerådet med fem hovudområde for arbeidet, og at kvart område får 1-2 soknerådsmedlemer som følgjer opp området spesielt. Fordeling av arbeidsområda starta på desember-møtet, og føreslås fullført på møtet i januar. Vidare føreslås det å avklare kva utval me ynskjer å starte, og å bli einige om vegen vidare for å etablere desse og rekruttere medlemer også utanfor soknerådet. Forslag til namn per område, og tilhøyrande utval, vert lagd fram i møtet, for å ta høgde for innspel frå diskusjonar på Døgnet.

### Vedtak:

Stord sokneråd arbeider vidare med følgjande hovudområde, og ansvarspersonar:  
Frivillige – Ingeborg H. Ørjasæter, Egil Petterteig  
Diakoni – Dagfinn Koppang og Signe Vorland

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Fellesskap og trusutvikling for vaksne – Kristi Angvik Frugard og Arne Drønen  
Trusopplæring for born og unge – Sigrunn Ljosland og Johannes Lamo  
Gudsteneste – Egil Petterteig og Sigrid B. T. Eskeland

Soknerådet ønskjer å leggje opp til følgjande utval:

- Frivillig-utval, ansvarleg: Ingeborg
- Diakoniutval, ansvarleg: Dagfinn
- Kyrkjelivsutval, ansvarleg: Kirsti
- Trusopplæringsutval, ansvarleg: Sigrunn
- Gudstenesteutval: Egil
- [Ungdomsutval: Johannes]

I tillegg vidareførast redaksjonen for kyrkjeblad, med følgjande personar frå SR i redaksjonen: Olav og Dag Kjetil.

Styremedlem i Kyrkjestova Fredheim, valt av soknerådet: Ingeborg H. Ørjasæter.

Det skal og etablerast komite for kyrkjelydsleir, planlagd 23.-25.oktober på Brandøy. Leirsjef og komiteleiar vert utnemnt av Kyrkjelivsutvalet/Kirsti.

Dei ansvarlege for utval/komitear får i oppgåve å byrje kartlegging av andre utanfor soknerådet som kan vere interessert i å vere med i utvala, og saman med soknerådsleiar, utarbeide forslag til mandat og samansetnad for utvalet, for muleg vedtak på møtet i februar. Parallelt med dette fortset soknerådsleiar dialogen med dei tilsette (v/kyrkjeverje) om tilsette si rolle i utvala.

Samrøystes

## 2020/7 – 012 Mandat arbeidsutval

### Saksutgreiing

Stord sokneråd vedtok i møtet 7.desember å setja ned eit arbeidutval, og ba dei koma med forslag til eit utvida mandat for utvalet. Forslaget er beskrive i forslag til vedtak.

#### Vedtak:

Arbeidsutvalet for Stord sokneråd får delegert mynde som følgjer:

Arbeidsutvalet har ansvar for å førebu saksliste og saker for handsaming i soknerådet, og skal følgje opp vedtak gjort av soknerådet mellom møta, der det ikkje er satt andre ansvarlege for gjennomføring i vedtaket. Arbeidsutvalet får og delegert mynde (jf kyrkjelova §8) til å ta avgjerd i daglegdagse saker der slik avgjerd vurderast å vere kurant (t.d. utleige av kyrkja), eller der avgjerd må takast før soknerådet igjen samlast, og vedtaket ikkje er av prinsipiell art. Avgjerder som er tekne med heimel i denne fullmakta skal refererast i førstkomande møte i rådet, og det skal lagast protokoll over avgjerdssaker som handsamast av utvalet.

Samrøystes.

## 2020/8 – 354 SunnBok jubileumsarrangement

### Saksutgreiing

SunnBok feirer 45-års jubileum i 2020, og har tatt kontakt med oss med spørsmål om eit samarbeid om eit jubileumsarrangement hausten 2020, der ein inviterer t.d. Hans Johan Sagrusten, Svein Tindberg eller Torbjørg Oline Nyli.

#### Vedtak:

Soknerådet stiller seg positive til tiltaket og sender saka vidare til kyrkjelivsutvalet for å fortsetje dialogen og sjå om dette er ein type arrangement som passar inn i vårt haustprogram, og som det er naturleg å ta del i. Kirsti får ansvar for å følgje opp saka og bringe henne inn for utvalet når det kjem i gang.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Samrøystes

## 2020/9 – 012 Val av 2.vara til fellesråd

### Saksutgreiing

Stord sokneråd har vald to faste medlemer og eitt varamedlem til Stord Kyrkjelege Fellesråd, men er bede om å velje eitt varamedlem til.

#### Vedtak:

Soknerådet har vald Kirsti Angvik Frugård som 2.vara til fellesrådet.

Samrøystes

## 2020/10 – 340 Temasamling rus og psykiatri

### Saksutgreiing

Soknerådsmedlem Signe Vorland ønskjer å ta initiativ til ei temasamling om rus og psykiatri hausten 2020, m.a. med ressursar lokalt og frå Haugesund.

#### Vedtak:

Soknerådet stiller seg positive til ei slik samling. Signe følgjer opp saka og tek det vidare til diakoniutvalet når det er etablert.

## Ymse

- **Skriv, referat og meldingar**
  1. Referat Stord kyrkjelege fellesråd 17.12
  2. Referat Nysæter sokneråd 3.12
  3. Geistlege soknerådsmedlemer 2019-2023
- **Orienteringssaker:**
  1. Orientering frå kyrkjelydsarbeidet v/Olav
  2. Felles oppsummering av tankar frå Døgnet 10.-11.jan
  3. T-dagar: Elisabeth Fauskanger treng fleire frivillige til trusopplæring-samlingane, m.a. T10-12 den 24.januar. SR-medlemer oppfordrast til å melde seg(til Elisabeth) ved høve, og/eller oppfordre andre til å melde seg.

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Dag Sele  
nestleiar og referent  
sign

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## Vedlegg 1 – Årsbudsjett 2020

Inntektskonto	Kostnadskonto	Beskrivelse	Budsjett 2020		Budsjett 2019	
			Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
		<b>Total</b>	<b>834 160</b>	<b>834 160</b>	<b>549 000</b>	<b>559 000</b>
		<b>Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	<b>35 000</b>	<b>35 000</b>
6109		Deltakarbetaling T-dagar	-		5 000	
8601		Takkoffer til diakoniarbeidet	10 000		10 000	
8602		Takkoffer til Trusopplæringa	20 000		20 000	
	4401	Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		30 000		35 000
		<b>Takkoffer og givarteneste til andre</b>	<b>230 000</b>	<b>230 000</b>	<b>340 000</b>	<b>345 000</b>
8650	4650	Takkoffer til eksterne organisasjoner	115 000	115 000	200 000	200 000
8651	4651	Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	65 000	65 000	90 000	90 000
8652	4652	Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	50 000	50 000	50 000	50 000
	4700	Tilskot/stønad til lag og organisasjoner		-		5 000
		<b>Kyrkjelydshus / Kyrkjestove</b>	<b>170 000</b>	<b>170 000</b>	<b>10 000</b>	<b>-</b>
6201	4655	Kyrkjestova - givertjeneste	150 000	170 000	10 000	-
8607		Takkoffer til kyrkjestova	20 000		-	
		<b>Kyrkjelydsarbeid</b>	<b>182 000</b>	<b>146 500</b>	<b>139 000</b>	<b>124 000</b>
8600		Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	140 000		90 000	
8606		Takkoffer til barne- og ungdomsarbeid	15 000		15 000	
8653	4653	Kveldssamlinger	25 000	15 000	30 000	32 000
	1106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)		20 000		15 000
	1107	Diakonale tiltak (i regi av SR)		7 000		-
	1201	Velferdstiltak, gaver o.l.		3 000		3 000
	1202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		10 000		15 000
	1207	Diverse, andre utgifter		1 500		2 000
	1400	Annonser		2 000		2 000
	1402	Informasjonsarbeid (flyers, materiell, web)		15 000		-
	1500	Kurs, Døgnet o.l.		15 000		10 000
	2000	Innbu, utstyr, bøker		2 000		2 000
	2002	Teknisk utstyr, verktøy		50 000		1 000
	2003	PC-utstyr, lyd-utstyr		-		1 000
	2005	Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr		-		1 000
	2304	Vedlikehald innbu/utstyr		-		1 000
	4654	Kyrkjelydsleir (Tidl. støtte til eget arbeid)		5 000		18 000
9000	5300	Renter	2 000	-	4 000	2 500
	1301	Gebyr bank		1 000		1 500
	1101	Konfirmantar; fest, mat o.l.		-		7 000
	1105	KyrkjeLyd		-		10 000
		<b>Kyrkjeblad</b>	<b>70 000</b>	<b>90 000</b>	<b>-</b>	<b>20 000</b>
8703	1401	Kyrkjeblad	70 000	90 000	-	20 000
		<b>Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement</b>	<b>14 500</b>	<b>25 000</b>	<b>25 000</b>	<b>35 000</b>
8604		Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	12 000		10 000	
	1102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor		15 000		20 000
6200	1501	Arrangement med billettinntekter	-	-	10 000	10 000
6202	1502	Arrangement utan billettinntekter	2 500	10 000	5 000	5 000
		<b>Prosjektmidlar</b>	<b>137 660</b>	<b>142 660</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
8701		Tilskot - OFV	28 500		-	
	1503	OFV-tiltak (t.d. medarbeidersamlingar)		33 500		-
8702		Tilskot - BUFDIR	89 160		-	
6110		Deltakarbetaling PREP-kurs	20 000		-	
	1504	PREP-kurs		109 160		-